

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Plan
Sakshandsamar:
Markus Mohn Werner
Tlf: 57652582
Mobil:
Vår ref: 2022/6441 - 18
Dykkar ref:
Dato: 28.06.2024

Høyring av søknad og detaljplan for ny trasé for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden

Sogndal kommune har ingen avgjerande merknader til endringa, føresett at tiltaka vert gjennomførte som omtala, og viser elles til våre tidlegare tilbakemeldinger i saka.

Bakgrunn

Statnett fekk konsesjon til å bygge nytt fjordspenn over Sognefjorden i 2020 i samband med at dei fekk løyve til å byggje ny 420 kV-leidning mellom Sogndal og Hove (Vik). Fjordspennet for leidningen skulle gå på same stad som dagens 300 kV-leidning. Den nye 420 kV leidningen Sogndal–Aurland er no under bygging. Statnett vurderer at fjordspennet over Sognefjorden ikkje kan byggjast i dagens trasé slik som planlagd, ut i frå stabilitet i nettforrsyninga. Statnett søker difor om endring av konsesjonsvilkåra for å byggje denne delen av den nye 420 kV leidningen sør for dagens 300 kV leidning.

Omsøkt tiltak


Statnett søker om følgjande:

- Kryssing av Sognefjorden om lag 250 m sør for tidlegare konsesjonsgitt fjordspenntrasé på austsida av fjorden og om lag 800 m sør på vestsida.
- Mellombels bruk av riggareal på høvesvis 2,2 daa og 4,5 daa langs eksisterande skogsbilveg sør for Indre Borlaug
- Nytt, permanent riggareal på om lag 9 daa ved fjordspennmastene på Jarvehaugen på vestsida av fjorden.
- Rettigheit til mellombels bruk av eit areal på om lag 35 daa rundt dette.
- Riving av om lag 1,7 km av 300 kV-leidningen Hove-Sogndal frå samlemast ved Ramnaberget og vestover til siste mast før vinkelpunktet sør for Storagilet.
- Fleire nye, permanente riggareal på austsida av fjorden.

Tiltaka som er aktuelle i Sogndal kommune er streka under.

På Bjørnstigkamben skal det oppsummert etablerast 5 permanente riggområde på om lag 6000 m², 4 nye spennmaster, 350 meter permanent ny anleggsveg i 4 m breidde. Etter etablering skal dagens spenn rivast, fundament fjernast og tilbakeførast vha. naturleg revegetering.

Vedlegg Detaljkart øst for Sognefjorden syner mastepunkt og riggareal på Bjørnstigkamben:



Endringane vart presentert i møte 16.02.2023 for Sogndal kommune ved Arne Abrahamsen og Markus Mohn Werner. Me vurderte at naturmangfold, landskapsverknad, skogbruk og friluftsliv er dei mest relevante omsyna å ivareta i området. Me har i tidlegare uttale bedt om at det i godkjenninga av MTA-plan vert vektlagt avbøtande tiltak, særleg for dei permanente baseplassane/riggarealet:

- landskapsinngrepa vert halde til eit minimum, og at baseplassane så langt det let seg gjere får ei naturleg overgang mot naturterrenge
- optimalisere massebalansen mellom basane
- permanente baseplassar skal arronderast med lokale jordmassar for naturleg revegtering, basert på beste praksis. Jorddekket i områda er tynt, og overskotsjordmassar frå permanent veg bør nyttast på permanente baseplassar. Ved eit framtidig behov for å ta riggarealet i bruk på nytt, kan jordmassane skavast av.
- terrengetransport avgrensast til eit minimum, og bør unngåast like etter snøsmeltinga når områda er mest sårbar for køyring.

Kommunen har ingen avgjerande merknader til endringa, føresett at tiltaka vert gjennomførte som omtala.

I møtet drøfta me ei potensiell samfunnsnytte i at dei eksisterande mastepunktene kunne nyttast som fundament for friluftstiltak, t.d. ei turisthytte, ut i frå den spektakulære plasseringa med utsikt til fjordbassenget vestover. I [høyringsskartet for arealdel til kommuneplanen](#) (2023) vart arealet sett av til arealføremålet tenesteyting, og basert på motsegner kjem grensa truleg til å trekka utanom naturreservatet (nytt areal merka raudt i kartlenka) når arealplanen vert lagt fram for vedtak. Me legg til grunn at riving av fundamenta er planlagt vinteren 2027/2028 og ferdigstilt sommeren 2028, og at fundamenta vert fjerna med mindre kommunen gjev melding til Statnett/NVE om at ein ønskjer å behalda fundamenta for gjennomføring av byggjetiltak for friluftsliv.

Med helsing
Sogndal kommune

Åsmund Veigel Gaukstad
leiar Plan og forvaltning

Markus Mohn Werner
e.f. rådgjever

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.

Kopi til:

Vedlegg: